
Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Matti Torgersen

Arkivsaksnr.: 05/00025

Universell utforming – eventuell tildeling av pris for spesiell innsats

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Med tilvising til dei oppgåvene som er definert i handlingsplanen for Vestlandsrådet, ser ein det ikkje som naturleg å dele ut ein pris på dette området

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Matti Torgersen

Arkivsaksnr.: 05/00025

Saksframstilling

Bakgrunn

Under handsaming av sak 43/04 Tilgjenge for funksjonshemma kom Tom-Christer Nilsen med følgjande oversendingsframlegg:

"I det vidare arbeidet bes vurdert muligheten av en tilgjengelighetspris som kan tildeles til organisasjoner/bedrifter/organer i regionen som har gjort en spesiell innsats for universell tilgjengelighet."

Eit temaområde som universell utforming eller fysisk tilgjenge er i utgangspunktet eit område som er godt eigna for ein pris.

Prisar vert som regel gitt for å gje heider og stimulans for einskildpersonar, lag, organisasjonar, bedrifter osb. som har utmerka seg innafor visse typar av arbeid. Dei blir som regel gitt innanfor område der det er behov for særleg merksemd.

Slike prisar kan vere viktig som stimulans og marknadsføring av visse typar arbeid. Det kan også gje prisutdelar ei merksemd. Men det er grunn til å merka seg at skal ein pris ha betydning, må den opplevast som viktig og relevant. Ein pris er ei form for ei merkevare som det kan ta lang tid å byggje opp. Skal ein pris opplevast som relevant og rett, må det vere tilstrekkeleg med kandidatar til at prisen vert opplevd som attraktiv.

Det er som regel knytt utdeling av eit pengebeløp til ein pris. Dette treng ikkje å vere noko stort beløp, men det bør vere såpass mykje at det vert opplevd som ein stimulans. Som regel vil slike midlar gå til vidare arbeid. Dersom prisvinnar er eit offentleg eller privat selskap, ev. ein offentleg etat, kan det synast som lite relevant å dele ut eit pengebeløp. Det kan då synast uklårt kva eventuelle midlar bør gå til. Eit alternativ kan vere å gje ei gåve i form av eit kunstverk, fortrinnsvis frå ein vestlandskunstnar.

Ein eventuell prisvinnar må vere lokalisert på Vestlandet.

Ein pris kan bli utlyst offentleg, i tillegg til at ein kan oppfordre ulike instansar til å kome med kandidatar.

Det må vere eit organ som innstiller til prisen. Dette kan vere eit fagleg utval eller ei politisk samansett gruppe. Vestlandsrådet bør i så fall dele ut prisen.

Offentlegheitslova inneheld i dag ingen regel som gir høve til å unnta frå offentlegheit kven som er kandidatar til å motta ein pris. Eit slikt unntak er under vurdering. Men dersom ein pris vil bli knytt til samferdsel, er det grunn til å tru at det primært vil vere offentlege og private selskap og offentlege organ som vil vere kandidatar. Det bør difor ikkje vere nokon grunn til å unnta kandidatar frå offentlegheit.

Vurdering

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Matti Torgersen

Arkivsaksnr.: 05/00025

Dersom Vestlandsrådet skal gje prisar eller andre liknande utmerkingar, vil det vere naturleg å knyte desse opp mot det som er kjerneområda for Vestlandsrådet sitt arbeid. Det bør med andre ord ha ein samanheng og relevans i høve til rådet sitt arbeid. I praksis vil dette seie at eventuelle utdelingar av prisar bør knytast opp mot handlingsplanen til Vestlandsrådet. Det vil elles vere vanskeleg å grunngje kvifor rådet gir prisen, og det kan difor vere vanskeleg å få opparbeida den betydninga som ein slik pris bør ha.

Vestlandsrådet arbeider ikkje på område som direkte berører tema knytt til universell utforming. Det mest nærliggjande i så fall vil vere å knyte ein eventuell pris til samferdsel. Det kan t.d. gjelda kollektivtrafikk (spesiell tilrettelegging av kjørey, terminalar e.l) eller veganlegg (rasteplassar e.l).

Samla sett ser ikkje fylkesrådmannen, med tilvising til den oppgåveportefølje som er fastlagd i handlingsplanen, det som naturleg at deler ut ein pris innan området universell utforming